

INFORMASJON FRÅ KONGLOMERAT


JUNI/JULI 2021



Då var mai måned over, og vi er klar for sommar og siste innspurt før vi tek sommarferie. Førskuleungane har samla seg i ei gruppe, og vi som er att på avdelinga er byrja å gå oss til med litt færre ungar og 3 vaksne.

Vi starta mai med å få kjennskap til kvifor vi feirar nasjonaldagen vår 17. mai. Den feira vi avdelingsvis måndag 10.05, men med felles tog oppdelt i kohortane. Vi hadde stopp ved kommunehuset, butikken og skulen. Mange var møtt opp for å ta oss imot, og vi song «Ja, vi elsker» og «Alle fugler» til stor applaus.

Attende i barnehagen samla vi oss i tre grupper. Ei gruppe starta med potetløp, ei med ball på kjepler og ei med erteposar på boks. Alle var kjempeflinke og fekk diplom for flott innsats.



Til lunsj kosa vi oss med pølser, brød og lomper og til frukta åt vi is og sjokoladecake☺



I fjæra fann vi steinar som vi laga flotte steintroll av i rødt, kvitt og blått. Vi laga og uro i dei norske fargane av eggekartongar. Den pynta vi med ved inngangen til avdelinga.



Vi har også vore på fine turar i nærmiljøet både med nista vår og utan. Ein tur som vi likar godt er å gå litt utover mot Lifjorden, så tek vi opp i skogen og kjem att i enden av bana.

Vi har vore i kvernsteinsparken og leika og i klatreparken og klatra. Verkeleg fått brukt kroppen vår motorisk og kjekt å sjå stor meistringsglede hjå barna.

I fjæra på Gamle Hyllestad hadde vi ein flott dag. Då fann vi endeleg krabber, mest små, men også nokon som var litt større. Ikkje alle like ivrige etter å ta i dei. Vi samla dei og alle tangloppene vi fann i eit spann, så fekk vi studert dei nøye før vi slepte dei ut att i sjøen før vi gjekk tilbake til barnehagen.



Fiskelukka fekk vi også prøvd frå kaia der. To om gangen gjekk i lag med Sonja, men sjølv om vi såg stimen rett utfor kaia var dei ikkje lette å få på kroken. Då vi trudde alt håp var ute, lukkast to jenter med å få ein liten torsk på land. Snakk om jubel og glede. Sidan vi fekk berre ein, fekk den også komme tilbake i sjøen, slik at den kan vekse seg større til neste gang me kjem og fiskar.

Vi har ikkje lukkast i å finne ei maurtue på turane våre i naturen, men det er spennande med alle dei forskjellige maurane som er å sjå, både i skogen og i barnehagen.

JUNI/JULI

Vi har så vidt byrja å ha samlingar om mauren. Vi har sett filmsnuttar der vi får sjå korleis mauren arbeidar og korleis det ser ut i ei maurtue. Det er mange ulike sortar av maur, men vi har lært om tissemauren eller eitermaur som den heiter. Den lager eit stoff som heiter maursyre, og det svir når den biter.

Geirr Lystrup har skreve bok om Maurits Maur og den store barnålkrigen. Den er også eit hørespel, og vi lyttar til den og høyrer sangen om Maurits Maur i kvilestunda.



Elles vil vi framover vere mykje ute, gå turar i nærmiljøet. Opp til Kleivevatnet har vi tenkt oss med det første for å sjå etter rumpetroll og froskar. Vi vil følgje med på det som skjer i grønsakshagen vår, studere insektsliv og livet i fjæra, leike og ha det kjekt ilag!

Vi vil feire Olve sin bursdag, han blir 4 år 19.06. Hipp Hurra for han.

Vi har også 2 bursdagar i juli som vi vil feire før vi tek sommarferie: Teodor 5 år 14.07, og Matilde 5 år 30.07. Hipp Hurra for dei.



Vi er heldige som har så fint ver no, og vi minner om at barna må vere smurt med solkrem når dei kjem om morgonen (på solskinnsdagar), så tek vi ei ny runde med solkrem på ettermiddagen.

Barna kan no ta med seg drikkeflasker att i barnehagen. Det er viktig at flaskene er tette slik at det ikkje renn ut i sekkene deira. Også viktig med god merking med namn, då det ofte er mange som har like flasker.

I veke 23 kjem fotograf Mal Dickson til barnehagen og tek gruppebileter. Kva dag det blir er ikkje bestemt endå. Vi håpar på godt ver og at det blir mogeleg å ta bileta ute.

Barnehagen er feriestengt i veke 28, 29 og 30.

Ta gjerne kontakt med oss dersom de lurar på noko eller har andre tilbakemeldingar!

Takk for samarbeidet i året som har gått og riktig god sommar til deke alle!

Med helsing Konglomerat

Åshild, Anette, Aud Irene og Sonja

For meir informasjon om barnehagen, gå inn på:

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage/>

